

Arbeidsmiljødagen 3. april 2008 – opning v/ fylkesordføraren.

Kjære alle saman – leiarar og medarbeidarar i Hordaland fylkeskommune

Det er tema kring arbeidsmiljøet som samlar oss i dag. Og av den store forsamlinga eg ser ut over, tyder det på at det er god merksemd på arbeidsmiljøet i fylkeskommunen. Det er eg glad for!

Vi har alle eit arbeidsmiljø, føresett at vi er ein del av arbeidslivet. Det vi alle freistar å få er eit godt arbeidsmiljø. Eit godt arbeidsmiljø kan skildrast gjennom meir handfaste kjenneteikn som at dei fysiske sidene ved arbeidsmiljøet er på plass. Men det inneheld nok også klare element av subjektive opplevingar hjå kvar einskild medarbeidar, korleis vi opplever arbeidsmiljøet vårt. Eg trur at dersom vi trivest med arbeidsplassen og det vi gjer, kan det utløyse energi som gjer at vi når mål større enn det vi trudde i utgangspunktet. Eit arbeidsfellesskap med trivsel kan løfte i flokk på ein unik måte.

Vi kan raskt verte samde om at vi gjerne ønskjer oss eit godt arbeidsmiljø. Men dette kjem ikkje av seg sjølv. Det krev arbeid. Det er viktig å ha ei kontinuerleg merksemd på arbeidsmiljøet, både den fysiske og den psykososiale delen av arbeidsmiljøet. Det er m.a. difor vi har ei årleg arbeidsmiljørapportering der verksemdene i fylkeskommunen bokstaveleg talt må svare for seg. Det gjev eit godt høve for dei einskilte arbeidsplassane til å tenkje gjennom og oppsummere arbeidet kring arbeidsmiljøspørsmål.

Eit godt arbeidsmiljø vert i praksis skapt gjennom kva vi gjer i kvardagen på kvar einskild arbeidsplass i fylkeskommunen. Her har både leiarane og medarbeidarane ein viktig funksjon. Vi kan alle bidra med ein venleg tone på arbeidsplassen og omtanke for kvarandre.

Både arbeidsmiljølova og hovudavtalen mellom partane i kommunal sektor legg vekt på godt samarbeid som eit viktig grunnlag for at vi kan yte kvalitativt gode tenester i fylkeskommunen. Både arbeidsgjevarsida og arbeidstakarsida er viktige i dette samspelet, og vi har ulike rollar i denne samanheng. Dette skal vi ha forståing for. Vi skal ikkje underslå at det ligg eit hovudansvaret til arbeidsgjevar gjennom styringsansvaret for verksemda. Difor er fokus på leiarskap gjennom leiarutvikling og leiaropplæring viktige reiskapar. Dette for å utruste leiarar på ulike nivå i fylkeskommunen til stadig å bli betre leiarar. Tilsvarande vil det også vere aktuelt å rette merksemda mot medarbeidarskap; i det å framelske stadig aktive og konstruktive medarbeidarar som bidreg til å vidareutvikle arbeidsplassen sin.

Som folkevalde legg vi mange av rammene og premissane for den verksemda som skjer i fylkeskommunen. Dette skjer m.a. særleg gjennom økonomiske løyvingar og vegval som vi gjer i einskildsaker. Dette skal i neste omgang liggje til grunn for arbeidet som leiarar og medarbeidarar arbeider ut ifrå.

Så kan det av og til hende at vi er usamde om einskilde ting. Det kan handle om prioritering av pengane, eller det kan vere at vi ser noko ulikt på korleis vi vil leie fylkeskommunen framover til beste for innbyggjarane i Hordaland. I slike samanhengar meiner eg det er viktig at vi lyttar til kvarandre i gjensidig respekt. Gjer vi det kan vi leve godt i lag på arbeidsplassane vår sjølv om vi skulle vere usamde av og til.

Arbeidsmiljøet har som nemnt stor innverknad på korleis vi har det i jobben vårt. Eit godt arbeidsmiljø kan vere eit konkurransefortrinn i rekruttering av leiarar og medarbeidarar. På same måten vert eit godt arbeidsmiljø etterspurt av potensielle søkjarar til stillingar i verksemdene våre. Det gjev godt omdømme for fylkeskommunen dersom vi kan seie at vi har eit godt arbeidsmiljø. Det er også ein sentral faktor i arbeidet med å redusere sjukefråveret, og trivsel i arbeidet medfører seinare pensjonering hjå medarbeidarar i den aldersgruppa.

Dette viser tydeleg at eit godt arbeidsmiljø ikkje berre er kjekt å oppleve – det er viktig nok - , men det er også avgjerande viktig for utvikling av kvalitetstenester til innbyggjarane i Hordaland. For å vere ein regional utviklingsaktør og yte relevante tenester til menneske i Hordaland, treng vi aktive og kvalifiserte leiarar og medarbeidarar i alle ledd i fylkeskommunen som har trivsel i arbeidet sitt.

Det er såleis ei glede for meg å ønskje velkomen til arbeidsmiljødagen 2008. Lat oss inspirere kvarandre til framleis godt arbeidsmiljøarbeid på arbeidsplassane i fylkeskommunen.

Lukke til!